



Brukarar  
Kontaktpersonar i kommunane  
Hjelpemiddelleverandørane  
Firda vidaregåande skule, Hafstad vidaregåande skule.

Dykkar ref:

Vår ref: Asle Sande

Vår dato: 8.1.2020

**Nav Hjelpemiddelsentral og Sogn og Fjordane Skikrins inviterer til:**

**Temadag:**

**Aktivitetshjelpemiddel for barn og vaksne med funksjonsnedsetjing, vinter.**

Tid og stad:

Onsdag 12. februar kl. 09.30/11.00 -15.00, Sunnfjord skisenter, Blomlia, Førde.

Målgruppe: Terapeutar, brukarar, foreldre, studentar og andre som treng kunnskap om og erfaring med aktivitetshjelpemiddel til bruk på snø for menneskje med funksjonshemming.

Temadagen er open for studentar/skuleklassar frå vidaregåande frå 09.30 – 11.00, og for andre frå kl. 11.00.

Mål: Auka kunnskap om aktivitetshjelpemiddel, slik at aktuelle brukarar i større grad skal få høve til deltaking og aktivitet ved bruk av rett hjelpemiddel. Auka kunnskap blant studentar om aktivitet for menneskje med funksjonshemming. Deltakarane skal ha positive opplevingar i samband med aktivitet på snø!

Innhald:

Kort om formidling av aktivitetshjelpemiddel og gjeldande lovverk.

Produktvising ved leverandør av hjelpemiddel for sitjande alpint, akeutstyr, terrengvogn og piggeutstyr.

Praktisk prøving av hjelpemidla.

Temadagen høver for både nybyrjarar og for dei med erfaring; kvalifiserte instruktørar hjelper til på det nivået som trengs i skitrekking!

Det er litt avstand frå parkering til aktivitetsområdet, så ta gjerne med eigen kjelke eller vogn med store hjul om de har!

Viss de har konkrete brukarar som skal prøva utstyr, er det fint om de sender aktuelle setemål og litt om behovet, slik at leverandør kan ta med det utstyret som passar!

Har du spørsmål om temadagen, kan du kontakta oss (sjå e-postadresse under).

[asle.sande@nav.no](mailto:asle.sande@nav.no) (mob.: 40557573) eller

[ingrid.narum@skiforbundet.no](mailto:ingrid.narum@skiforbundet.no) (mob.: 92 60 14 21).

Direkte påmelding før 3. februar på Nav Hjelpemiddelsentral si heimeside, [Kurspåmelding](#)

Terapeutar/ledsagarar må ha med seg eller leiga tenleg skiutstyr.

Brukarar som har eige utstyr, må ta det med for eige bruk og evt. tilpassing!

Kafé/varmestove med servering.

**Vi ber om at målgruppa/aktuelle deltakarar i kommunen vert informerte om kurset!**

**Denne invitasjonen vert berre sendt som e-post!**

Med helsing

Asle Sande  
Fysioterapeut/Nav Hjelpemiddelsentral

Ingrid Narum  
Sogn og Fjordane Skikrins

Kopi:

Ingrid Narum, Sogn og Fjordane Skikrins